



Gjesvålløkken 31/2

Namn på plassen	Gjesvålløkken
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM33 7024345N 240733
Høgde moh	90
Tilstand	Husa står
Plass under	Gjesvålløkken
Gnr. Bnr.	31/2, utskilt 1853 fra 31/1
Tidsperiode	Ca. 1780-1853. Sjøleigar frå 1853
Simon Andersen	Ca. 1780-1806
Ole Simonsen	1806-ca. 1820
Ole Erichsen Klemmetsmo	1853-1860. Første sjøleigar
Erik Eriksen	1860-1875
Martinus Evensen	1875-
Omtale:	Gardtales i Orkdal I side 297





I 1801 var Simon Andersen husmann her, 68 år gammel. Han var gift med Beret Hermosdtr 56 år, og barna Ole 21 år, Sissel 19 år og Dorthea 9 år bodde heime. Beret og Simon vart gift i 1771. Ei anna datter, Marit, vart i 1799 gift med Lars Pedersen Munkli, mens dattera Lisbet døydde i 1806, 21 år gammel.

Samme år, 1806, døydde Simon, mens Beret døydde i 1818.

Ole Simensen overtok etter faren. Han vart i 1809 gift med Marit Andersdtr Hauchmar, og dei fekk tre barn, Berit 1810 død samme år, Simen 1812 og Elie 1814.

I 1853 solgte Samuel Eriksen på 31/1 Gisvoldløkken til Ole Eriksen Klemmetsmo født 1816 i Trondheim. Han vart i 1839 gift med Johanna Andersdtr Løkken født 1813. Johanna hadde sønnen Lars Olsen født 1834 med Ole Eriksen Eide. Ole Eriksen Klemmetsmo og Johanna fikk fire barn; Eli 1842, Anders 1844, Elias 1848 og Gunhild 1854. Før dei overtok Gisvoldløkken i 1853 hadde dei bodd som innerst på Løkken og Øien.

Enka Johanna Anderdtr overtok eiendommen da Ole døydde i 1858.

I 1860 vart eiendommen delt i to mellom Martinus Eriksen og Erik Eriksen. Martinus overtok 31/3 Gisvoldløkken mens Erik overtok 31/2 Gisvoldløkken.

I 1865 bodde Erik Eriksen på eiendommen. Han var ugift

I 1875 overtok Martinus Evensen Sundli eiendommen,